

FØRDE BYLAB

SAMANDRAG

PREMISS / OPPDRAG

Bylaboratoriet for Førde sentrum vart gjennomført laurdag 14. juni på Storebrua ved Alti, som ein del av Sunnfjord kommune sitt arbeid med å styrke engasjement og medverknad i byutviklinga. Arrangementet tok utgangspunkt i Firda Billag-kvartalet som eit mogleg framtidig sentrumshjarte, og samla deltakarar frå ulike aldersgrupper, fagmiljø og interesserte innbyggjarar til ein open og uformell framtidsverkstad.



Arbeidet fram mot dagen bygde på fleire møte og planutkast mellom ARKI og Sunnfjord kommune, og inngjekk i eit større prosjekt der kommunen hadde fått midlar til å prøve ut nye former for deltaking. Målet var å skape ein arena som kombinerte fagleg metodeutvikling, lokal mobilisering og utforsking av nye digitale og visuelle verkemiddel. Ambisjonen var ikkje å finne endelege svar, men å samle mange og mangfaldige stemmer som kunne inspirere og gi retning til vidare planlegging av Førde sentrum.

I forkant av arrangementet vart det gjennomført ein visuell kampanje over fleire veker for å vekke interesse og blæste om Bylab'en. Gjennom sosiale medium og lokal presse vart innbyggjarane inviterte til å delta i samtalen om Førde si framtid.

Under sjølve Bylab'en vart Storebrua forvandla til eit ope byverkstadmiljø, der deltakarar kunne kome og gå fritt. Gjennom ulike stasjonar og aktivitetar vart publikum inviterte til å dele idear, skrive, teikne eller samtale med vertar og fagfolk. Den uformelle forma skapte låg terskel for deltaking, og arrangementet vart prega av liv, nysgjerrigheit og breitt engasjement.

Bylaboratoriet synte at engasjementet for Førde sentrum er stort, og at mange ønskjer å bidra til utviklinga av ein by som er levande, tilgjengeleg og bygd på lokale premiss. Arrangementet vart slik både eit forsøk, eit møtepunkt og eit startskot for vidare samtale om kva Førde skal vere i framtida.

Gjennom dagen vart det samla inn ei rekkje innspel og refleksjonar, små «framtidsfragment» som peika mot kva Førde kan bli som by og samfunn. Desse ideane dannar eit verdifullt kunnskapsgrunnlag for det vidare planarbeidet, og viser korleis folk ser for seg ein grønare, tettare og meir inkluderande by.





KAMPAGNE / UTSPIL

Eitt av føremåla med kampanjen var å teste ulike metodar for å delta i «sentrumssamtalen». Kampanjen vart derfor delt inn i fleire metodar, der kvar enkelt skulle introdusere ulike perspektiv på utviklinga av Førde og det urbane miljøet som byen består av og fungere som innleiing til «samtaleemne» i Bylab'en.


Byutvikling skjer i eit svært langsomt tempo. Som menneske kan ein derfor få inntrykk av at byutviklinga nesten står stille og når store endringar i dei fysiske rammene ein har vore van med i mange år oppstår, kan dette opplevast som ein stor og framand omvelting. Kampanjen starta difor med eit historisk tilbakeblikk for å gje eit tidsmessig perspektiv på utviklinga av Førde. Dette perspektivet viser både korleis ein har gått frå eit meir eller mindre ope landskap langs Storehagen til eit fullstendig bilsentrert handelsområde og no er på veg bort frå dette igjen.

Samstundes er det viktig å ha med seg skalaen i byutvikling. Storehagen-området har både tettare bebyggelse og store areal som hovudsakleg fungerer som manøvreringsareal, vegar og parkering. For å gi ei intuitiv forståing av kor stort området er, har ein del av kampanjen fokusert på å perspektivere arealet nasjonalt og internasjonalt og vise kor mykje det tilsvarar i byar andre stader i verda.

Men flateareal er berre to dimensjonar og byutvikling har naturlegvis også eit romleg forhold. For å synleggjere potensialet i det romlege valde vi å «transplantere» fragment frå andre stader og visuelt plassere dei på området ved hjelp av dronebilete. Nokre av fragmenta var godt kjende, enkeltstående strukturar, medan andre var tettare og meir komplekse bymiljø og nokre igjen meir opne areal.


Å oppleve den romlege storleiken frå fugleperspektiv er ein ting, men å oppleve eit bymiljø medan ein rører seg rundt i det, er noko anna. Det er naturlegvis ikkje mogleg å gi ei fullstendig oppleving av eit framtidig bymiljø i verkelegheita, men vi utvikla ein metode for å vise romlege skisser i augehøgdd ved hjelp av mobiltelefonar, som fungerte som eit slags «vindaug» inn i ein 360-graders romleg skissering av ulike bymiljø som kunne tenkast for Storehagen-området.


Til slutt brukte vi kunstig intelligens for å lage ei rekkje grafiske «postkort» frå framtida, sendt tilbake til oss. Postkorta viser ei framtid der klimakrisen fører til meir vått vêr og nedbør og Storehagen er difor bygd ut med særskild fokus på det våte klimaet. Postkorta inkluderer idear til gatekunst og vasskunst med bekkar og skulpturar som utnyttar dette potensialet.



HISTORISK TILBAKEBLIKK

Den første delen av kampanjen var eit tilbakeblikk i form av artiklar, tidsskrift, bilete og tidlegare studiar av utviklingspotensialet i Førde sentrum. Bileta syner stor utvikling frå landskap til by, men også ei nyare tids utvikling frå grå by mot grønnare bymiljø.






KOR STOR ER STOREHAGEN?


I ei serie satellittbilete viser vi kor stort omrisset av Storehagen er samanlikna med andre byar. Vi har valt å vise døme både frå byar på Vestlandet, i Noreg og frå utlandet. Bileta syner store skilnader i tettleik, og stiller spørsmål ved både moderne tette byar og behovet for offentlege rom.



STOREHAGEN + X


Ein metode vart utvikla for å kunne «importere» andre bymiljø inn på området. Illustrasjonane gir eit tydeleg bilete av potensialet for ulike former for bykultur, samtidig som dei perspektiverer storleiken i høve til enkeltmonument og massive byggverk.





360 GRADERS SKISSER

Vi utvikla ein metode for å lage sfæriske skisser som kan opplevast gjennom mobiltelefonar som «romlege» skisser på plassen. Metoden vart brukt for å synleggjere skala frå bakkeplan og viste både moderne «flate» og kantete bebyggelse og meir rike, klassiske fasadar.



POSTKORT FRÅ FRAMTIDA

Kunstig intelligens vart brukt til å framstille både avisartiklar og postkort frå ei framtid der Storehagen er utvikla til ein framtidas «regnby». Bileta viser både nærbilete og perspektiv, og fokuserer på opplevinga innanfrå byrommet og korleis det offentlege rommet kan utsmykkast med vasskunst.

BYLAB / INNSPIL

De stedsuavhengige innspel og stemning frå deltagere på bylab'en

Førde står i eit vegskilje. Byen har i dag eit sterkt handels- og tenestetilbod og ei sentral rolle som regionsenter, men manglar eit tydeleg byhjärte som gir identitet, samhald og trivsel. Sjølv om sentrum rommar mykje aktivitet på dagtid, er det framleis prega av biltrafikk, store parkeringsflater og lite grønt preg. Mange opplever at Førde sentrum er meir ein funksjonell transport- og handelsarena enn ein stad for opphald, møte og fellesskap.

Den dominerande bilbruken gjer at store areal vert tekne opp av asfalt og overflateparkering, noko som reduserer både visuell kvalitet og trivsel. Trafikken skapar støy og gjer ferdsel for gåande og syklande utrygg, særleg utanom kontortid. Samstundes er det lite samanheng mellom dei ulike delane av sentrum – ein bevegar seg frå senter til senter utan ei klar oppleving av eit samla byrom. Førde manglar eit tydeleg midtpunkt, eit bytorg eller eit samlande rom som kan fungere som hjartet i byen.

Mange peikar òg på mangel på grøntstruktur og gode uterom. Det finst få plassar der folk kan setje seg ned, leike, prate eller berre vere. Naturen ligg nær – med Jølstra som ei av byens største kvalitetar – men sambandet mellom elva og sentrum er svakt utnytta. Elvebreidda kunne vore ein livgivande akse for byen, med promenade, serveringsstadar, møteplassar og kulturaktivitetar som bind natur og byliv saman.

På den positive sida er Førde ein kompakt by med korte avstandar og eit godt handels- og servicetilbod. Dette gir eit sterkt utgangspunkt for vidare utvikling. Nærleiken til naturen, den sentrale plasseringa i regionen og eit aktivt næringsliv skapar eit solid fundament. I tillegg viser fleire pågåande prosjekt – som Førdepakken og planane om satsing mot elva – at det finst både vilje og kraft til endring. Engasjementet blant innbyggjarane er stort, og mange uttrykker håp og tru på at sentrum kan bli både vakrare, meir inkluderande og meir levande.

For å lukkast må Førde våge å tenkje heilskapleg. Framtidas sentrum bør utviklast med mennesket i sentrum – ikkje bilen. Eit tydeleg sentrumshjärte, gjerne på eller nær Firda Billag-tomta, kan bli eit naturleg samlingspunkt for heile byen. Her kan eit ope, grønt byrom med kaféar, småhandel, aktivitetar og kultur danne grunnlaget for eit levande torgmiljø. Ei slik satsing må supplerast med betre tilrettelegging for gåande og syklande, fleire bilfrie soner og parkeringsløyningar utanfor den mest sentrale bykjernen.

Det trengst òg ei målretta satsing på uterom og grøne lunger – små parker, møteplassar og plassar for leik og kvile som gjer at folk ønskjer å opphalde seg i sentrum, ikkje berre passere gjennom. Eit anna viktig utviklingsspor er å utvide sentrumslivet utover butikktida. Kultur, arrangement, bibliotek, ungdomsaktivitetar og sosiale møteplassar må få større plass, slik at sentrum også lever på kveld og helg. Det handlar om å gjere Førde til ein stad folk oppsøker for opplevingar, ikkje berre for handel.

Førde si framtid ligg i evna til å forvandle dagens funksjonelle sentrum til ein varm og inviterande stad – ein by der folk møtest, trivst og kjenner seg heime.

Oppsummeret om de generelle innspel mottatt i bylaben:

Ein framtidsretta by skal utviklast i samspel mellom natur, menneske og arkitektur. Det grøne må prioriterast framfor det grå, slik at byen får ei identitet som både er berekraftig og sanseleg rik. Overflatar som ikkje er i aktiv bruk, bør omformast til grøne rom som styrkjer miljøet og trivselen. Vegetasjon – frå ville blomsterenger til kunstnarisk utforma plantefelt – kan gje byen fargar, duft og liv. Vatn og regn bør takast i bruk som ressursar i byrommet, både som estetiske element og som del av overvasshandtering, leik og kunst.

Byen bør byggjast opp av mange små, kvalitetsrike møteplassar heller enn store, lite brukte flater. Lommeparkar, grøne korridorar og alléar skal binde byromma saman og skape naturlege soner for kvile og fellesskap. Store tre må vernast og få vekse vidare som byens grøne struktur, medan sjølv tekniske flater som parkeringsanlegg bør utformast med grøne kvalitetar, buskar og tre mellom plassane.


Bygningar og bebygde miljø bør ha ein tydeleg stadstilpassa karakter som støttar omgjevnadene og skaper liv i gatene. Kantsoner og fasadar bør vere graderte og inviterande, med soner for opphald og aktivitet som gir ein mjuk overgang mellom privat og offentleg rom. Variasjon i form, farge og materialitet styrkjer opplevinga av byen som mangfaldig og levande.


Kultur og aktivitet er motorar i eit inkluderande byliv. Den eksisterande bygningsarven bør takast vare på og få nytt liv gjennom transformasjon, slik at historia framleis er synleg i framtidens by. Mellom bygningane bør det skapast små torg og møteplassar for kaféar, verkstader, bading og leik – urbane rom som legg til rette for kvardagsliv, kultur og samvær.

Klima og komfort må prege byens mellomrom. Gater og plassar bør utformast med læ og ly mot vind og regn, og små “lælommer”, baldakinar og paviljongar kan gi vern og trivsel. Lys bør nyttast som eit varmt, stemningsskapande element – ikkje berre som tryggleik, men som ein del av byens estetikk. Solrike soner og lune hjørne bør prioriterast, med utsyn og siktlinjer som gjev tryggleik og ro.

Byen skal vere open, transparent og lett å ferdast i. Gater utan baksider og aktive førsteetasjar fremjar liv og tryggleik. Snarvegar og gangforbindelsar for mjuke trafikantar bør prioriterast framfor biltrafikk, og byrom i fleire nivå kan gje mennesket ei ny dimensjon i møte med byen. Ha gode samband til kollektivtransport og korte avgangstider.

At ein klarer å få alle innbyggjarane sine stemmer høyrde i offentlege prosessar, og at resultat i etterkant er tydelege og gjev gjenkjennelege spor av medverknaden.





Under prosjektarbeidet vart det drøfta ein metode for å visualisere arealkvantitetar ved å omgjere flateareal, som ofte kan vere vanskelege å vurdere i utstrekning, til grafiske søylar som viser den innbyrdes fordelinga mellom arealkategoriane. I planen ovanfor er areala fordelt over Storehagen, medan søylediagrammet under syner det relative forholdet mellom dei ulike typene areal. Her kjem det tydeleg fram kor stor del som er asfaltert, og kor liten del som er bygd, vatn eller natur. Merk at det grønne arealet er delt i to for å synleggjere at ein del ligg nord for løken og eigentleg utanfor avgrensinga, men likevel har innverknad på den nordlege delen av området.



PERSPEKTIV

De spesifikke potensjaler på i Storehagen og den nære kontekst.

Gjennom verkstad, synfaringar og møte med folk på staden er det identifisert ei rekkje kvalitetar som er særlege for Storehagen. Desse samsvarer i stor grad med dei generelle innspela, men er sett i samanheng med dei konkrete eigenskapane ved området.

Den planlagde mjuke nord-sør-forbindelsen frå den komande gangbrua over Jølstra og vidare til Indre Øyrane blir vurdert som eit svært positivt tiltak for alle som ønskjer å ferdast utan bil. Mange peikar på behovet for å fjerne bakkeparkering og understrekar at Førde ikkje kan utviklast til ein reell by dersom ein held fast ved prinsippet om "parkering ved døra".

Det er peikt på at nye bygningsrekkjer må utformast slik at mellomromma ikkje blir mørke, tronge og lite brukbare rom utan sol og landskapelege kvalitetar. Foturumrekka er nemnd som døme på eit område der slike utfordringar er tydelege. Fleire trekkjer fram at uregelmessige og "skjeve" rom opplevast meir interessante og inviterande, og at opphaldsareal bør leggjast der dei naturlege rørslemønstra til folk krysser.

Det er eit tydeleg ønskje om at gang- og sykkelforbindelsane skal krysse området på tvers, slik at ein enkelt eks. kan bevege seg frå buss-terminalen til Ytre Øyrane eller frå Handelshuset og Nynorskhuset til omsorgssenteret. Ein ønskjer ikkje eit rigid gatesystem, men snarare mjuke og fleksible ruter som følgjer direkte ferdselslinjer.

Fleire understrekar verdien av å ta vare på delar av dei gamle bussverkstadene og bruke dei til kultur- og aktivitetsformål. Bygningane kan gjerne byggjast om eller innpassast i nye strukturar, men dei bør ikkje fjernast. Dei er ein viktig del av staden si historie. Nokre foreslår at delen nærast Nynorskhuset kan opnast opp og fungere som ei "port" inn til området. Noen nemner at godsterminalen bør fjernast, men dei fleste er samde om at buss-terminalen bør bestå.

Behovet for meir grønt i sentrum er eit gjennomgåande tema. Det handlar ikkje nødvendigvis om store grasflater, men om små grøne rom mellom bygningar, i hjørne og passasjar – med buskar, tre og blomstrande planter som skaper ly, læ og trivsel. Området ved Elvekanten, ved den nye gangbrua, blir ofte nemnd som eit mogleg sted for ei lommepark. Generelt ønskjer ein ei grøn struktur mellom bygningane framfor trafikkerte gater eller asfalt og betong.

Mange deltakarar uttrykkjer at dei kan "drøyme seg inn i" Storehagens framtid og nemner førebilete frå eldre byområde i Bergen, Oslo, Ålesund, København, Stockholm, Amsterdam og Barcelona. Samstundes er det ei viss skepsis til å bruke store areal til busstrafikk, sjølv om dei fleste er positive til eit betre kollektivknutepunkt. Nokre foreslår bygging over delar av bussarealet, medan andre åtvarar mot slike løysingar med referanse til mindre vellukka døme som Bygarasjen i Bergen. Parkeringshus blir omtala som positivt dersom det er godt integrert og arkitektonisk interessant, medan fleire meiner at underjordisk parkering er den mest skånsame og funksjonelle løysinga.

I Bylaben vart det gjennomført ein open verkstad der deltakarane kunne diskutere og skissere idear direkte på store utskrivne situasjonsplanar og droneperspektiv av området. På borda låg inspirasjonsbilete og eksempel på korleis ulike byrom kan utformast, noko som la til rette for ein kreativ og inkluderande prosess.

Det er utarbeidd eit visuelt samandrag av teikningane frå verkstaden, som viser dei viktigaste hovudpunkta og innspela deltakarane la inn på planar og perspektiv. Avgrensinga for planområdet er markert med svart stipla linje. Nokre av skissene strekte seg langt utover dette området og hadde difor avgrensa relevans for prosjektet. Grafikken er her redusert til dei elementa som er mest aktuelle for Storehagen.

Viktige rørsler og forbindelsar i området er markerte med blå linjer. Desse viser i hovudsak dei mjuke trafikkåtane, for sykkel og gange, som mange meiner er avgjerande for eit levande bymiljø. Vegen Storehagen er framheva som ei sentral aust-vest-forbindelse. Nokre deltakarar såg for seg at denne på sikt kunne bli ei bilfri gate, medan andre meinte han må oppretthaldast for busstrafikk og tilkomst til bustader. Samstundes vart forbindelsen langs Løken vurdert som særleg viktig, gjerne som del av ei samanhengande gangrute langs Jølstra. Fleire ønskte at det ikkje skulle byggjast tett inntil Løken, men at det burde sikrast utsyn og opningar mot vatnet. Det vart òg peikt på ønskje om diagonale ganglinjer gjennom området, anten som stiar eller gjennomgangar i bygga, samt moglegheita for å gå frå den planlagde gangbrua ved Elvekanten til "kulturrommet" ved Nynorskhuset.

Stader med særskild potensial for romdanning eller utsikt er markerte med grønt. Området ved elvekanten (9) vart trekt fram som eit viktig punkt, saman med "inngangen til Storehagen" (8) og "hjartet" i området (7). Nokre uttrykte uro for at ei eventuell utviding av Nynorskhuset kunne skape ei lang og lukka austfasade, og peika på behovet for avstand og lysopne soner langs denne (5).

Dei gamle verkstadbygningane (2) og busterminalen (1) vart av mange omtala som verdifulle både historisk og identitetsmessig. Fleire foreslo at desse kunne transformerast til moderne kultur- og aktivitetslokale, slik at dei får ein ny funksjon og samstundes bevarar koplinga til staden si fortid.

Gjennom dei mange innspela oppstod eit sett med romlege potensial, merkte A–H. Desse er ikkje å forstå som faste fysiske grenser, men som utgangspunkt for vidare drøfting av stadlege kvalitetar og mogleg bystruktur. Ei framtidig transformasjon av Storehagen kan løysast på fleire måtar men det er peikt på at samanhengande bygningsstruktur, som kvartal eller rekkjebebyggelse, ofte skaper meir velfungerande bymiljø enn frittståande punkthus, slik ein har sett i mange nyare utbyggingar. Dette kjem av at punkthus ofte ikkje skaper tydelege byrom, men berre uprogrammerte og lite definerte mellomrom.

